



Dette er det aktuelle anlegget slik det ser ut i dag

Til veke skal forvaltningskomiteen behandla ein sak frå Skorpo som også var oppe i 2010 men som i likheit med andre vart lagt på vent utan vedtak i komiteen. Det gjeld eventuell dispensasjon for flytekai og plattingar som allereie er anlagt og som tilhøyrar Tore Langballe. Kaien er 12 kvadratmeter og plattingane 12 og 8 kvadratmeter og anlegget ligg i Søre Skorpevågen. Det er oppført tidleg på 2000-talet for å sikra tilkomst til fritidsbustad. Administrasjonen har positiv innstilling i likheit med i 2010.

Denne saka har vore ein del av prosjektet registrerte ikkje omsøkte bygg. Det vart til slutt plassert i ein kategori der tiltaka kan godkjennast men dei krev politisk behandling. I dette tilfellet gjeld det frå kommunedelplanen og byggjeforbodet i 100-metersbeltet.

Det aktuelle arealet er i gjeldande kommunedelplan avsett til LNF-område på land og sjøarealet er avsett til kaste- og låssetting. Heile parsellen er innanfor 100-metersbeltet. Det er ikkje registrert viktige kultur-, natur- eller friluftsverdiar i området og rådmannen meiner det ikkje er avdekka tilhøve som krev spesielle tiltak.

I 2010 gjekk rådmannen inn for dispensasjon, Han viste til at strandsona frå før er utbygd med naust, hytter og kaianlegg. Også no blir komiteen invitert til å gje dispensasjon.

Av Ola Matti Mathisen